

Protokoll - Styremøte februar 2025

Dato: 16.02.2025 20:00

Møtet vart gjennomført som eit digitalt møte.

Deltakarar:

- Øystein Våge (Styreleiar)
- Hallgeir Goa Myhre (Nestleiar - Gruppeleiar Fotballgruppa)
- Linn Maiva Waage (Styremedlem - Gruppeleiar anleggsgruppa)
- Marte Kolbjørnsen (Styremedlem)
- Øystein Aa Lysne (Styremedlem - Gruppeleiar Ungdom- og E-sportgruppa)
- Linda Madsen Helvik (Varamedlem - Gruppeleiar aktivitetsgruppa)

Styret er dermed vedtaksført.

Sak 25/2/1, vedtakssak

Godkjenning av innkalling og saksliste

Vedtak

Innkalling og saksliste vedtatt.

Vedtaket var samrøystes.

Sak 25/2/2, vedtakssak

Godkjenning av referat frå forrige møte

Referat frå forrige møte vert gjennomgått.

Vedtak

Referat frå forrige møte godkjent.

Vedtaket var samrøystes.

Sak 25/2/8, orienteringssak

Orienteringssaker

Orientering om saker som ikkje har stått på saklista og som det såleis ikkje kan fattas vedtak i.

Fotballgruppa

- Fotballgruppa har hatt møte med potensielt G19 lag og beslutta å starta opp dette. Dei startar trening i morgen.
- 3 spelarar er tatt ut til siste sonesamling før eventuelt uttakt til kretslag.

Volleyballgruppa

- Har vore i Bergen på volleyballturnering. Dette er første gong sidan 90-talet nokon har spela volleyballkamp i Finnåsdrakt.

Årsmeldingar

- Mangler ein del årsmeldingar. Gruppeleiarane purrer.

Sak 25/2/3, orienteringssak

Trygg på trening

Klubben mottar til tider varslingar som gjeld barn, unge eller vaksne som føler seg utrygge eller liknande når dei er på trening. Dei kjente tilfella gjeld språkbruk og oppførsel både frå medspelarar og trenarar.

I dei tilfeller der barn, unge eller vaksne føler seg utrygg grunna språkbruk og/eller oppførsel til trenar, er me overtydd om at dette kjem av eit brennande engasjement, og ikkje eit ynskje om å såre eller skape utrygghet. Det er likevel ein situasjon me ynskjer å sette meir fokus på. Ingen skal føle seg utrygg når dei deltar på våre aktivitetar.

Finnås Sportsklubb og Bømlo Idrettslag har saman beslutta å gjennomføre ein "Trygg på trening" kampanje i klubbane. Denne vil gjelde for alle trenarar, instruktørar og lagleiarar, uavhengig av idrett.

Oppstart vert tirsdag 4. mars. All aktivitet i både Finnås Sportsklubb og Bømlo Idrettslag vil bli kansellert denne dagen, og me samlast til ei god kick-off økt på Våge.

Sak 25/2/4, orienteringssak

Informasjon vedr. Hoopit

Øystein har hatt møte både med Hoopit og Rubic.

Lisensen i Hoopit er no ein "all inclusive" lisens som gjer oss tilgang til alle funksjonar, også dei me ikkje har hatt tidlegare.

Lisensen inkluderer også betaling for integrasjon mot dei ulike eksterne systema til NFF og NVBF blant anna, for kampintegrasjon.

Desse ekstralisensane er ikkje inkludert i Rubic sin lisens, og såleis vil kostnaden på desse to systema nærme seg kvarande litt, sjølv om Hoopit er ein del dyrare.

Basert på egne og andre sine erfaringar med Rubic Connect, samt dei oppdateringane som er foreståande frå Hoopit, er anbefalinga foreløpig å fortsatt nytte Hoopit som medlems- og aktivitetssystem for FSK.

Basert på dette har me implementert bruk av Hoopit sin utleggsfunksjon. Denne kan nyttast både av FSK og BIL, og er veldig enkel i bruk samanlikna med den gamle løysinga.

Sak 25/2/5, vedtakssak

Medlemskontingent 2026

Medlemskontingenten i FSK har vore uendra i langsamelege tider, men kostnadsnivået for klubben har auka betrakteleg.

Styreleiar føreslår å fremje forslag til årsmøtet å heve medlemskontingenten for 2026 til 250 kr per medlem.

I tillegg føreslås det å innføre familierabatt med makspris per familie på 950 kr (men dog minimum 100 kr per medlem).

Hoopit sitt medlemssystem har funksjonar for å ivareta dette på ein enkel måte.

Vedtak

Styret vedtok å fremje forslag til årsmøtet å heve medlemskontingenten frå 200 kr til 250 kr frå 2026 og samstundes innføre makspris per familie på 950 kr gjeldande fra 2026.

Vedtaket var samrøystes.

Sak 25/2/6, vedtakssak

Treningsavgift 2025

Treningsavgifta skal reflektere kostnaden klubben har med å drive aktiviteten. Tidlegare har blant anna Oldboys/Oldgirls rettvist blitt redusert med 50%.

Det føreslås ein generell auke i treningsavgifta for å reflektere auka kostnader for klubben.

Det føreslås også å videreføre ordninga der ein kun betalar treningsavgift i henhold til alder, og då kan delta på alle aktivitetar som er tilgjengeleg. Det føreslås at denne ordninga gjeld for personar 0-15 år. Frå og med 16 år betalar ein treningsavgift spesifikt for den aktiviteten ein deltar på.

Vidare vert det føreslått å endre årsintervall slik at dette fell likt med fritidskortordninga 11-15 år.

Kostnadsnivå på 2025 forslaget samanlikna med 2024 tal frå fleiridrettslaga på Bømlo, der Finnås Sportsklubb er den blå kolonna.



Vedtak

Styret vedtok å føreslå fylgjande satsar for treningsavgift 2025 til årsmøtet:

Treningsavgift 0-15 år

0-5 år Kr 250

6-10 år Kr 500

11-15 år Kr 700

Treningsavgift frå og med 16 år

Junior, fotball Kr 1000

A-lag, fotball senior Kr 1700

B-lag, fotball senior Kr 800

Oldboys/Oldgirls Kr 400

Volleyball Kr 400

Styrke Kr 800

Vedtaket var samrøystes.

Sak 25/2/7, vedtakssak

Budsjettforslag 2025

Budsjettforslag 2025 vedlagt.

Vedtak

Styret vedtok at vedlagt budsjettforslag vert framlagt årsmøtet for godkjenning.

Vedtaket var samrøystes.

Vedlegg (inkluderes i endelig referat)

Budsjett 2025 - Forslag.pdf (vedlegg 1)

Sak 25/2/9, vedtakssak

Sportsplan

Sportsplanen skal reviderast kvart år av fotballgruppa og forankrast i styret ved vedtak av godkjent revisjon.

[Sportsplan](#) | [Klubbhandboka](#)

Vedtak

Styret vedtok gjeldande revisjon 0 av sportsplanen.

Vedtaket var samrøystes.

| Driftsinntekter | Forrige periode | | 2025 |
|------------------------------------------|------------------|------------------|------------------|
| | Regnskap | Budsjett | Budsjett |
| <u>3121</u> Sponsorinntekter, avgiftsfri | 179 000 | 191 000 | 264 000 |
| <u>3212</u> Andre interne salg | 48 000 | 0 | 100 000 |
| <u>3220</u> Salgsinntekt tjenester | 5 000 | 5 000 | 5 000 |
| <u>3290</u> Viderefakturerte utlegg | 37 663 | 0 | 30 000 |
| <u>3401</u> Offentlege tilskudd | 158 427 | 115 000 | 110 000 |
| <u>3441</u> Andre tilskudd | 61 648 | 50 000 | 38 000 |
| <u>3442</u> Tilskudd Grasrotandelen | 144 263 | 135 000 | 140 000 |
| <u>3443</u> Momskompensasjon | 151 309 | 148 000 | 119 000 |
| <u>3601</u> Leieinntekt fast eiendom | 33 990 | 35 000 | 35 000 |
| <u>3620</u> Annen leieinntekt | 328 | 0 | 0 |
| <u>3920</u> Medlemskontingentar | 62 445 | 60 000 | 62 000 |
| <u>3930</u> Treningsavgift | 99 251 | 95 000 | 124 000 |
| <u>3950</u> Turneringsinntekter etc. | 0 | 5 000 | 0 |
| <u>3960</u> Kiosk, Lotteri, bingo etc. | 160 310 | 90 000 | 130 000 |
| <u>3990</u> Andre inntekter | 333 954 | 208 000 | 105 000 |
| Sum driftsinntekter | 1 475 587 | 1 137 000 | 1 262 000 |

| Driftskostnader | Regnskap | Budsjett | Budsjett |
|----------------------------------------------------------|----------|----------|----------|
| <u>4300</u> Varer for videresalg | -135 052 | -54 000 | -78 000 |
| <u>4306</u> Utlegg for viderefakturering | 0 | 0 | -30 000 |
| <u>5001</u> Lønn til ansatte | -23 598 | -25 000 | -30 000 |
| <u>5092</u> Feriepenger | -2 407 | -2 500 | -3 000 |
| <u>5401</u> Arbeidsgiveravgift | 146 | 0 | 0 |
| <u>5405</u> Arbeidsgiveravgift av påløpte feriepenger | -255 | 0 | 0 |
| <u>5980</u> Godtgjersle til styret | -30 500 | -30 500 | -31 000 |
| <u>6300</u> Leie lokale | -1 575 | -10 000 | 3 000 |
| <u>6320</u> Renovasjon, vann, avløp o.l. | -31 096 | -32 000 | -29 000 |
| <u>6342</u> Lys, varme | -61 074 | -80 000 | -60 000 |
| <u>6360</u> Renhold av lokaler | -56 577 | -35 000 | -5 000 |
| <u>6540</u> Møbler, interiør og annet inventar | -39 982 | -33 600 | -45 000 |
| <u>6551</u> Data, telefon og andre kontormaskiner | -3 124 | -10 000 | -8 000 |
| <u>6553</u> Programvare | -33 689 | -25 000 | -62 000 |
| <u>6580</u> Idrettsutstyr | -162 839 | -125 000 | -100 000 |
| <u>6600</u> Reparasjon og vedlikehold bygninger | -297 165 | -192 000 | -175 000 |
| <u>6620</u> Reparasjon og vedlikehold utstyr | -27 645 | -60 000 | -40 000 |
| <u>6860</u> Møte, kurs, oppdatering o.l. | 0 | -10 000 | -30 000 |
| <u>6907</u> Internett og anna data- og telekommunikasjon | -6 588 | -7 000 | -7 000 |
| <u>6940</u> Porto | 0 | -500 | -1 000 |
| <u>7140</u> Reisekostnad fra faktura eller kvittering | -52 406 | -75 000 | -90 000 |
| <u>7210</u> Provisjonskostnad | -4 178 | -10 000 | 0 |
| <u>7321</u> Reklamekostnad | -2 384 | -2 500 | -3 000 |
| <u>7329</u> Annen reklamekostnad | -5 162 | -17 500 | -15 000 |
| <u>7401</u> Medlemskontigenter krets etc. | -18 675 | -20 400 | -25 000 |
| <u>7405</u> Dommerrekning etc | -43 318 | -35 400 | -50 000 |
| <u>7411</u> Påmelding serier, turneringer etc | -236 650 | -126 000 | -275 000 |
| <u>7421</u> Gaver og premier | -18 490 | -20 000 | -14 000 |
| <u>7440</u> Interne arrangement | -135 106 | -59 500 | -20 000 |

| | | | |
|--------------------------------|-------------------|-------------------|-------------------|
| <u>7500</u> Forsikringskostnad | -37 785 | -31 900 | -32 000 |
| <u>7770</u> Bank- og kortgebyr | -21 812 | -9 000 | -9 000 |
| <u>7799</u> Annen kostnad | -9 500 | -10 000 | -10 000 |
| Sum driftskostnader | -1 498 486 | -1 149 300 | -1 274 000 |

| | | | |
|---------------------------|-----------------|-----------------|-----------------|
| | Forrige periode | | |
| Driftsresultat | Regnskap | Budsjett | Budsjett |
| Sum driftsresultat | -22 899 | -12 300 | -12 000 |

| | | | |
|------------------------------------------------------------------|-----------------|-----------------|-----------------|
| | Forrige periode | | |
| Finansinntekt og finanskostnad, ekstraordinære poster | Regnskap | Budsjett | Budsjett |
| <u>8051</u> Renteinntekt bankinnskudd | 25 591 | 15 000 | 20 000 |
| <u>8079</u> Annen finansinntekt | 5 485 | 4 500 | 5 000 |
| Sum finansinntekt og finanskostnad, ekstraordinære poster | 31 076 | 19 500 | 25 000 |

| | | | |
|---------------------|-----------------|-----------------|-----------------|
| | Forrige periode | | |
| Resultat | Regnskap | Budsjett | Budsjett |
| Sum resultat | 8 177 | 7 200 | 13 000 |